

## "ELVIRA"

*Når som barken "Elvira" av Langesund by  
stikk til sjøs under jonsoketider,  
er ho snøkvit å sjå som ei solsumarsky,  
der ho stolt gjennom sjøane glider.  
Og dei solbrende gutar i mastene kliv,  
medan segla i havbrisen smell,  
og når gangspelet går og dei ankaret hiv,  
syng dei staden eit siste farvel.*

*Og med baugen sin bøygd som ein jomfruhals,  
med eit skinande gullforgylt sprøyte i,  
står "Elvira" til sjøs som ei jomfru i vals,  
til ho skifter til polka med støyt i.  
Og ho hiv seg i sjøane, vårvill og kåt,  
for no veit ho kvar vegen ber av,  
og ho legg seg for vindens so riggen vert våt,  
der ho flyg som ein hind over hav*

*Der står sjølvaste skipparen, gamal og grå  
og med augo som blinkande pilar.  
Han tek peiling med kart og kompas, og tygg skrå  
slik at sosen i skjeggstubben silar.  
Og når skuta glir inn i den milde passat,  
og går støtt over blåmyra fram,  
tek han hol på eit jarnbanda tiliterfat,  
og gir mannskapet tridubbel dram.*

*Det vert storveges stas i Ostindialand  
når "Elvira" si seglføring firar,  
og dei solbrune møyer på palmegrøn strand  
står med blomar i håret og stirer.  
Men når månen går fram på sin evige gang,  
kjem dei fram frå sitt lauvklædde hus,  
og sit varme som vin på matrosen sitt fang,  
under skjelvande stjernenattsus.*

*Og når morgenon renn med sin svalande bris,  
og dei trossa frå piren har kasta,  
går "Elvira" til Holland med kaffi og ris,  
heilt til vassgangen søkerkande lasta.  
Og når lasta er lossa i Rotterdam dokk,  
stikk det sjøslitne mannskapet av,  
og so drikk dei ein omgang på baren van Hock  
for "Elvira", den dronning på hav.*

*Men når villgåsa plogen sin skjer imot nord,  
dreg "Elvira" på ny ut frå hamnen,  
og då stemner ho beint imot Langesund fjord,  
slik at Nordsjøen fossar for stamnen.  
Og ein strålande, morgenklår jonsokedag,  
hiv ho anker i hamnen på ny,  
og vert helsa med vimplar og smellande flag  
av den smilande, festglade by.*